

FN- DAGEN, 24.OKTOBER

FN dagen vart markert med fellessamling i aulaen.

Marianne og Kari fortalde kva FN stod for.

Me fekk høyra at FN betyr Forente nasjonar – som er som ein «klubb» for nesten alle landa i verden. FN har 193 medlemsland og vart oppretta i 1945.



Sjefen for FN heiter Ban Ki- Moon og kjem frå Sør Korea. Barna syns det var eitt morosamt namn.

FN har eige flagg som Kari viste fram. Me snakka og om at FN jobbar for fred og rettferd i verda også snakka me om dette med å vera venner. Me snakka om at sjølv om ein har kort hår og ein anna langt kan dei vera venner, sjølv om ein har briller og ein anna ikkje kan dei vera venner. Sjølv om nokon er små og nokon er store kan dei vera venner. Barna var heilt einige i dette.

I tillegg til det norske flagget viste me fram flagga til alle nasjonalitetane me har i barnehagen. Nokre av barna kjente flagget sitt igjen og uttrykte:» *det er mitt*» når «deira flagg» vart holde opp.

Her er Kari som viser fram eitt av flagga for barna.



Alle nasjonalitetane i Gaupne barnehagevart hengt opp på veggen



Her fekk barna vere med å dramatisera 1,2,3 indianere.

Det var fleire enn 10 som hadde lyst fram og då fann Erik råd som delte 8 talet med Elijah.



Her er frå Hompetitten der barna hoppa og dansa under refrenget.

Me avslutta fellessamlinga med nokre Prøysensangar før alle gjekk tilbake til avdelingane.